



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
041/16	Levekårsutvalet	07.06.2016

<b>Sakshandsamar:</b>	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 16/15	Klassering:

### Kulturmidlar - idrett

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet vedtek rådmannen sitt framlegg om tildeling av kulturmidlar til idrett.

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet

##### Bakgrunn

Kommunestyret har løyvd kr 2.037.600 til Kulturmiddelføremål for 2016. Levekårsutvalet vedtok i sak 07/16 «Rammer for kulturmidlar 2016», følgjande fordeling;

Kategori	Ramme 2015	Ramme 2016
Barn – og unge	297.500	327.500
Kulturformidling/musikk	512.700	512.700
Andre kulturaktiviteter	189.800	228.400
Kulturvern og samlingar	272.400	203.800
Idrett	715.200	715.200
Avsette midlar haust 2016	50.000	50.000
<b>TOTALT</b>	<b>2.037.600</b>	<b>2.037.600</b>

Levekårsutvalet vedtok 21.01.14 retningsliner/kriteria for kulturmidlar i sak 08/14. Dette på bakgrunn av ei større gjennomgang av eksisterande retningsliner. Desse trådte i kraft 01.02.14 I følgje retningsline har dei kommunale kulturmidlane som målsetting å styrkje fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kulturliv ønskjer Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid og eit aktivt kulturliv med mangfald samt å gje alle høve til å oppleve kunst og kultur.

Lindås kommune informerer om frist for å søkje kulturmidlar gjennom lokalavisar, Facebook, heimeside og epost.

Det har ikkje vore auke i løyvingane til kulturmiddelføremål i perioden 2012-2016. I praksis vil det seie at lag/organisasjonar mottar mindre tilskot i 2016 enn i 2012 om ein justerer for prisvekst og inflasjon. Tal frå SSB synar ein prisstigning frå januar 2012 til mars 2015 på 5,6%, noko som tyder på ein reell nedgang på om lag kr 114.500 i verdien av kulturmidlar i nemnde periode. I Kulturplan for 2010-2020 (rullert) heitar det ;

- «Mål: Betre rammevilkår for lag/organisasjonar.
- Tiltak: Auka ramma for den økonomiske tilskotsordninga».

Vi ser ei klar tendens til meir informative søknader der søkerane legg ved nødvendig dokumentasjon. Administrasjonen har sendt ut informasjon/rettleiing på dei punkt som vi ser mange har hatt utfordringar med. Slik informasjons- og rettleiing vil vi fortsette med. Om det er behov for meir informasjon til lag/organisasjonar om kva ein kan søkja aktivitet/ prosjektmildar eller investeringsmidlar til, så kan det vere aktuelt med temakveld i samarbeid med Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd.

#### **Lindås idrettsråd har hatt saka til høyring i møte 25. mai 2016 – se vedlegg.**

LIR har ingen merknadar til fordeling av driftsmidlar idrett innan NIF medlemmer.

LIR stillar spørsmålsteikn ved tildelingane av «driftstilskot», og investering til ikkje medlemmar av NIF/Lindås idrettsråd. Det gjeld også «Nordhordland» lag.

Når det gjeld høge tall hos Alvidra IL i forhold til i 2015 er tala som er oppgitt korrekt for året 2016. Dette skal skyldas rekrutteringsarbeid.

LIR gir elles uttrykk for at dei er positive til samarbeidet med kultureininga i Lindås kommune kring årets tildeling av kulturmidlar.

#### **Vurdering**

Etter å ha motteke innspel frå Idrettsrådet, har tilskot til «Nordhordlandslag» som får aktivitets/prosjektilskot vore justert noko ned.

Om Levekår vedtek rådmann si innstilling, vert det kr 246.035 (kr 196.035 + kr 50.000) til tildeling hausten 2016, inkludert kr 50.000 som Levekår vedtok i ramme for 2016 tildelinga.

Dei midlane som eventuelt måtte vere som overskot på dei ulike kategori, vil gå til hausttildeling 2016 med søknadsfrist 01. september. Erfaringar frå hausttildeling dei siste åra har vist at ein har søknadar på ca kr 400-500.000.

#### **3800 IDRETT**

**Til disposisjon:** kr 715.200

**Rådmannens framlegg:** kr 716.500

Norges idrettsforbund (NIF) gjorde vedtak på idrettstinget i vår i ei sak som fekk som konsekvens at frist for å melde inn medlemstal vart endra til 30. april. Lindås idrettsråd har hatt problem med å henta ut medlemstal for 2015 pga feil i systemet hos NIF. I tillegg har det vist seg at fleire lag i Lindås

ikkje overheldt frist for å registrere medlemstala sine, noko som har førd til at idrettsrådet har hatt problem med å få ut korrekte tal. Lindås idrettsråd har arbeid for å få korrekte tall på plass til årets tildeling. Levekår ga i møte 24.05.16 i samband med handsaming av kulturmidlar, godkjenning for at 2014 tall kunne nyttas dersom ein ikkje fekk fram korrekte tall for 2015.

Medlemmar og ikkje-medlemmar av Norges idrettsforbund heimehøyrande i Lindås kommune, kan søkje kulturmidlar. Mange av idrettsrådets medlemmar søkjar ikkje kulturmidlar. Lindås idrettsråd skal prioritere informasjonsarbeid mot sine medlemmar i 2017 for å få fleire til å søke.

Tildeling av kulturmidlar til idrett vert fordelt pr. medlem, samt til dei som driv idrettsskule og til dei lag som driv tilbod til menneskje med nedsett funksjonsevne.

Medlemstala er henta frå Idrettsregistreringa 2015 som laga sjølve har meldt inn. Lindås idrettsråd nyttar same talmateriale ved tildeling av LAM midlar (lokale aktivitetsmidlar).

#### Sats

0-20 år kr 200 pr/medlem

20 år + kr 100 pr/medlem

#### Tildeling for idrettsskule

20-60 medlemmar kr 11.000

61 - 100 medlemmar kr 13.000

#### Tilskot til menneskje med nedsett funksjonsevne

1-2 medlemmar kr 9.000

8-10 medlemmar kr 16.000

25-30 medlemmar kr 25.000

Når det gjeld kategori «aktivitet/prosjekt» og «investeringar», er det gjeve +/- 30% av kostnadane

#### I rådmannen sitt framlegg er det gjort følgjande fordeling

Kategori	Søkt (totalt)	Rådmannen sitt forslag
Drift – medlem av Norges idrettsforbund/Lindås idrettsråd	647.500 *	600.900
Drift IKKJE medlem av Norges idrettsforbund/Lindås idrettsråd	45.000	32.100
Aktivitet/prosjektilskot	116.250	40.000
Investering	115.256	43.500
<b>Totalt</b>	<b>924.006</b>	<b>716.500</b>

\*NBK har ikkje oppgjeve søknadssum i søknaden sin.. I 2015 vart det søkt om kr 250.000.

#### Vedlagte saksdokument:

3800 Idrett(169298) b

113977

01.06.2016

Uttale fra Lindås idrettsråd mai 2016

113328

27.05.2016

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost